

# Openheit / Rabasvuohta

Festskrift til Håkan Rydving

Ein av eigenskapane som kjenneteiknar Håkan Rydving mest som akademikar, er openheita hans. Han og den vil vi heidre med dette spesialnummeret av *Dīn*. Saman med eit spesialnummer av *Journal of Northern Studies* redigert av Olle Sundström, eit spesialnummer av *Temenos* om religion og politikk redigert av Stefan Olsson, og endå eit spesialnummer av *Dīn* om islam redigert av Mona Helen Farstad og Ulrika Mårtensson, er dette eit festskrift til Håkan sin 65-årsdag. Medan dei andre nummera er konsentrert kring kvar sitt store felt som Håkan har studert og undervist om med oversikt, detaljkunnskap, autoritet og audmjuke, handlar dette nummeret mellom anna om akademiske haldningar og metodar og om samisk forskning, historie, religion og språk, men også om mykje anna.

Variasjonen i tema, form, språk og tilnærmingar som kjem til uttrykk her, er ei helsing til det store spennet i Håkan sine interesser, og til lærdommen, nysgjerrigheita og openheita hans. Merksemd på mangfald og kompleksitet har støtt vore eit motto for han. Genuin interesse for og sjenerøs glede over andre sine perspektiv pregar heile hans vesen. Samstundes er han aldri ukritisk. Han stiller seg spørjande til nesten alt: Korleis har dette synspunktet vorte til? Korleis kan dette sjå ut frå andre vinklar? Den entusiastisk-kritiske innstillinga som ligg til grunn for tilnærminga hans, anten det gjeld forskning, undervisning, rettleiing eller formidling, er alltid smittsam og oppmuntrande.

Rabasvuohta lea Håkana dovdomearka. Dat mearkkaša vuosttažettiin dan ahte sus lea rabas miella. Sus lea beroštupmi áššiide ja erenoamážit olbmuide, sáhkkii vuoha ja mokta. Ovttasbargu suinna lea álo riggodahhti vásáhus, man ovddas mii leat giitevaččat.

Her inne i tidsskriftet følgjer atten tekstar av til saman tjue forskarar frå ulike fag: antropologi, filosofi, historie, kunsthistorie, litteraturvitenskap, religionsvitenskap, samisk, språkvitenskap, teologi og urfolksstudiar.



dīn 2/2018

Alle er vener og kollegaer og somme er også elevar av Håkan. Omslaget er ei gåve til Håkan frå kunstnaren Elle-Hånsa (Hans Ragnar Mathisen eller Keviselie) som opnar for og inviterer til utforsking på endå fleire måtar.

På vegner av alle bidragsytarane, gratulerer med dagen og takk for enormt mykje inspirasjon!

Hans Geir Aasmundsen, Jelena Porsanger og Bjørn Ola Tafjord